

# Årsmelding 2016

Hareidsstemna

14.-23. OKTOBER 2016



**Stemneleiing:** Sølvi Iren Utgård, Hans Otto Øvrelid.

**Styret:** Dag Brekke (leiar), Ragnhild Strømmegjerde, Hans Otto Øvrelid, Leiv Arne Grimstad og Grete Nedrelid.

**Vara:** Marit Kvammen, Kristine Hareide.

**Valnemnd:** Karen Margrete Mork og Elling Bjåstad.



## Styret

Styret sitt arbeid er opp mot det økonomiske, budsjettering og det kunstneriske i samarbeid med stemneleiing. Arbeidskomiteane er i nær tilgang for styret og gjev god heilskapleg oversikt i arbeidet. Hareidsstemna nr 55 i rekka vel gjennomført.

## Fredag 14.okt

### Polarkveld på Ishavsmuseet.

Kjell G. Kjær heldt føredrag om fakta frå ishavet. I boka «Ishavsfarerne 1859–1909» tek han føre seg utviklinga over ein 50 års periode.

Visste de til dømes at kvalrosshud blei nytta som sykkelhjul før vi fekk moderne dekktypar? Forundra latter frå salen.

## Laurdag 15. okt

**Hareid Blandakor**, som har Johan H. Grimstad som tidlegare dirigent, stilte tradisjonen tru med song ved bysta. Markert med blomster til bysta, og stemnekunst til koret.

**Hareid kunstlag** hadde Aslak Fagermo, ei minneutstilling, som vekas utstilling. Ulstein sin kultursjef, Leif Ringstad, opna stemna med ord omkring kulturen som viskar ut grenser. Musikanane Miki Campins og Yuri Hashimoto spela perkusjon og fløyte. Flott

utstilling, magisk musikk, ord til ettertanke rundt kulturen som bind saman. Mange til stades i flott haustver.

Fordel med å ha høgtaler ved bysta, og eksempel på at benk på vegen ikkje alltid hjelper på gjennomkjøring under sermonien.

**Sirene** sin konsert med gjestar: Rein Aleksander konferansier og solist, Petter Anton Næss (keyboard) og Øystein Trollsås (sax). Variert konsert med egne musikkvideoar og «moves» på scena av koristane. Nydeleg og vakker koreografi. Dette var ein populær konsert og drog omlag 450 i Hareidhallen. Rykande fersk cd kom for sal i pausa. Der var forfriskning i stettglass som slo godt an hos publikum.

## Søndag 16. okt

**Gudsteneste** heldt av sokneprest Leidulv Grimstad.

**Middag og film på** Ishavsmuseet.

«**Sound of musicals**» med Musikklaget Melshorn sjarmerer med gode solistar, både små og store. God presentasjon av dei ulike og kjende songane frå fleire musicalar spela gjennom tidene. Solist og konferansier Sissel Anita Åsmo Riise. I tillegg desse solistane: Tina Brandal, Arild Grimstad, Truls Håbakk, Sofie Gjerde Tonev, Claus Askov, Lill-Marte Apelset, Lovise Yri, Anne-Liv Holstad, Nora Eilertsen, Amalie Leine, Lea Moltumyr Riise. Omlag 400 betalende. Godt var det sidan starttidspunktet desverre fekk to ulike klokkeslett i programmet.

## Mandag 17. okt

**Familiekonsert** med LaKris. God stemning og god song av borna i Hareid Mini og Barnekantori, Fifalana, Spirit og LaKris med deira leiar og konsertleiar Kari Aske Osnes. Medlemmene i LaKris er for øvrig Lisa Skotheim, Jakobine Solvang og Jonetta Sundgot. Flott konsert med cdsal av LaKrisgruppa etter konserten.

**Lyrikktime Vonheim** Disse las: Irene Follestad Rise, Gunnar Snipsøy, Jarl Grimstad, Oddbjørg Vartdal, og Odd Goksøy stilte med gitar på kort varsel sidan Lasse Holstad var inne i djup influensa og melde avbod, medan Odd var på god veg ut av ei.

## Tirsdag 18. okt

**Kunstutstillinga** til Alv Rise og Bente Mork Blindheim opna på Melshorn Hotell med opningstider som Hareid Kunstlag.

**Balljegova** vart triveleg og god. Med 15-20 år bak seg som ballkogar vart Ragnhild Strømmegjerde æresmedlem.



# Hareidsstemna



VELKOMEN TIL HAREIDSSTEMNA – 14.-23. oktober 2016

## Fredag 14. oktober

KL. 19.00 POLARKVELD V/ KJELL KJÆR PÅ ISHAVSMUSEET AARVAK I BRANDAL. FOREDRAG + MIDDAG KR. 300,-.

## Laurdag 15. oktober

KL. 15.00 SONG OG BLOMAR VED JOHAN H. GRIMSTAD-BYSTA. HAREID BLANDAKOR.

KL. 15.30 OFFISIELL OPNING AV HAREIDSSTEMNA V/LEIF RINGSTAD - KULTURSJEF I ULSTEIVIK- I GALLERIET I KJØPMANNSGATA. OPNING AV MINNEUTSTILLING (ASLAK FAGERMO). YURI HASHIMOTO (FLØYTE) OG MIKI CAMPINS (PERKUSJON).

KL. 19.00 DAMEKORET SIRÉNE, REIN ALEXANDER, M. FL. I HAREIDHALLEN. BILL. KR. 300,-.

## Søndag 16. oktober

KL. 11.00 GUDSTENESTE I HAREID KYRKJE V/ SOKNEPREST LEIDULV GRIMSTAD. OFFER TIL FRIVILLIGSENTRALEN.

KL. 12-17 SØNDAGSMIDDAG PÅ ISHAVSMUSEET. FILM.

KL. 19.00 SOUND OF MUSICALS. MUSIKKLAGET MELSHORN MED GJESTAR I HAREIDHALLEN. BILL. KR 200,-/50,-

## Måndag 17. oktober

KL. 18.00 FAMILIEKONSERT M/ LAKRIS I HAREIDHALLEN. HAREID MINI- OG BARNEKANTORI, FIFALIANA OG SPIRIT. BILL. KR. 100,- OG 50,-.

KL. 19.00 LYRIKKTID PÅ BYGDATUNET VONHEIM, RASOFIELGARDEN.

## Tysdag 18. oktober

KL. 17.00 OPNING AV KUNSTUTSTILLING PÅ MELSHORN HOTELL. BENTE MØRK BLINDHEIM OG ALV RISE.

KL. 19.00 BALLJEGØVE PÅ HOLESANDEN. KYRRE GRIMSTAD OG KOMPISAR FRÅ SUNNMØRE BAARELAG, RUNAR HADDAL, STÅLE RØYSET. KR. 250,-. FØREHANDSSAL PÅ CIRCLE K. (TIDL. STATOIL) OG STRAX.

## Onsdag 19. oktober

KL. 19.00 «LØVENES KONGE» I HAREIDHALLEN. MUSIKK- OG KULTURSKULEN I SAMARBEID MED 10.-KLASSE VED HAREID UNGDOMSSKULE.

## Torsdag 20. oktober

KL. 14-18 POTETBALL PÅ ISHAVSMUSEET I BRANDAL.

KL. 19.00 «BOB DYLAN OG KRISTENDOMEN», LISJESALEN HAREID BEDEHUS. MUSIKKFOREDRAG V/ LEIV ARNE GRIMSTAD. FRI INNGANG.

## Fredag 21. oktober

KL. 16.30 GRIMSTADKORET HELD PROGRAMTIME PÅ HADARTUN.

KL. 19.00 ANITA SKORGAN M/BAND I HAREIDHALLEN. BILL KR 300,-

KL. 20.00 UNGDOMSKVELD I BIGSET KULTUROASE.

## Laurdag 22. oktober

KL. 14.00 SNIPSØYRVATNET RUNDT FOR 37. GONG. PÅMELDING: KLUBBHuset VED HAREID STADION FRÅ KL. 12.30.

KL. 17-19 STEMNEKAFÉ I UNGDOMSSKULELAEN.

KL. 19.00-22.30 STEMNEFEST I HAREIDHALLEN. ALLE DEI FASTE POSTANE OG MYKJE MEIR. PROGRAMLEIAR: ANNE HOLSTAD. KR. 250,-.

## Søndag 23. oktober

KL. 11.00 FESTGUDSTENESTE I HAREID KYRKJE V/ SOKNEPREST LEIDULV GRIMSTAD. ÅRETS KONFIRMANTAR OG 50-ÅRSKONFIRMANTANE.

KL. 13.00-17.00 MIDDAGSSERVERING PÅ ISHAVSMUSEET.

KL. 12.00-15.00 HESTENS DAG I RIDEHALLEN I HJØRUNGAVÅG.

\* ASLAK FAGERMO-UTSTILLINGA I GALLERIET ER OPEN SLIK:

LAURDAG 15. OKT.: 15.30-18.00 - SØNDAG 16. OKT.: 16.00-18.00 - MAN-TYS-ONS-TORS-FRE: 17.00-19.00 - LAURDAG 22. OKT.: 15.00-17.00 - SØNDAG 23. OKT.: 16.00-18.00.

KUNSTUTSTILLINGA PÅ MELSHORN HOTELL ER OPEN TYS-FRE KL. 17.00-19.00, LAUR-SØN KL. 16.00-18.00

## Onsdag 19. okt

### «Løvenes konge»

Stort samarbeidsprosjekt med 10. klasse ved Hareid ungdomsskule og Kulturskulen. Publikum lo og kosa seg og det flotte kostyme og kulisseriearbeidet som var gjort sette god stemning hos alle i hallen. Mange delaktige på og bak scena i slike prosjekt. Mange timar ekstra arbeid som ordføraren presist påpeika under takka han gav dei etterpå.

Ungdomens kulturpris 2016 kjekk til Svenning Veiseth. Anders Riise og Melinda Skeide delte ut.

## Torsdag 20. okt

**Potetball til middag** på Ishavsmuseet i Brandal.

«**Bob Dylan og kristendomen**» i lisjesalen på bedehuset, med Leif Arne Grimstad. Mannen som var tema fekk Nobelpris i litteratur like før denne kvelden.

## Fredag 21. okt

**Grimstadkoret** er årvisse i vinterhagen på Hadartun med sin «programtime». Dette er populær konsert og trekkjer godt med folk.

### ANITA SKORGAN

heldt ein varm og flott konsert i Hareidhallen. Variasjon over nytt og kjende Grand Prix låtar. Ho fekk kontakt med publikum som ivra etter å svare ho på spørsmål ho hadde om musikk og tekstforfattarar. Latteren sat også laust, og mange snakka om flott oppleving på veg ut. Mange fleire skulle teke turen i hallen denne kvelden. Anita hadde berre godt å seie om lydtekniker Erik Valderhaug frå Lydkjelleren. Ca. 200 besøkande.

**Bigset kulturoase** arrangerte ungdomskveld. Flott å ha denne staden i bygdal

## Laurdag 22. okt

Etter lang lydprøvedag for Lydkjelleren, medialinja i Volda, Rolf Magnus Orø regi og Anne Holstad programleiar starta sjølvaste

### Stemnefesten

Dei dyktige og fleksible møremusikarane Bjørnar Myhr (piano), Jo Inge Nes (div trommer og perkusjon), Audun Skorgen (bass/strenginstr.) bidrog på flott måte å gje variasjon og musisering på profesjonelt nivå. Birgitte Grytten Velsvik bidrog med si trygge stemme og trygge sceneopptreden. Ho er profesjonell songar og var med på å gje publikum ei stor oppleving.

Simon og Sofie Gjerde Tonev gjorde strålende innsats. Brandal friskule deltok med stor glede. Viktig at skuleborna deltek som fast innslag på festen, gjere dei kjend med Stemna og at det angår dei.

Dansarane i Jazz2 dansa etter god dansemusikk som smitta over på publikum som klappa takta. Flott at dei har ein arena å få vise seg fram med sin flotte dans. Brandal Amatør teater deltok

med bit frå «Lux og Lano». Badetema og løyse politikk i bade-stamp fall i god smak hos publikum.

Hovudtalar Fredrik Græsvik (etter at Erling Borgen meldte pass pga operasjon) sendte så helsing til festlyden via storskjerm frå Mosul. Måtte reise på oppdrag på kort varsel, men kom med situasjonsrapport og helsing til kakebordet på Sunnmøre. Boksalt av si heilt nye bok i pausa. Ole Rolfsrud kom som overrasking på publikum, då han skreid inn og presenterte seg og gav ei skildring av den ordknappe sunnmøringen, – i lys av å ha utvandra til austlandet. I 2015 fekk han og NRK sin språkpris.

Kora: Grimstadkoret, Bigset Blandakor, Hareid Kammerkor, Hareid Ten Sing, og nykomarane CorSonus skapa spenning med flotte harmoniar mot slutten av konserten. Hjørungavåg Brass deltok med og utan solisten Birgitte Grytten Velsvik. «Gabriellas song» starta kvelden med symbolikken i temaet Anne Holstad førte oss gjennom. Kulturen som lim. Ho førte festen sikkert i hamn som ho pla gjere. Stor takk til ho, og til stødig regi av Rolf Magnus Orø. Med samarbeid med omlag 25 studentar frå Media-linja i Volda og dyktige Lydkjelleren med Erik Valderhaug og sitt team på og rundt scena er dette mange sider å rå med. Takk til dei og samarbeidet som utgjer kvaliteten ein no er vorten van med.

Marie Lovise Widnes fekk heider for sitt arbeid, og signerte bøker i pausa. Kjetil Frøysa var langtreisende konfirmant frå Halden, og Bigset kulturoase fekk takk for sitt arrangement for ungdomen.

## Søndag 23. okt

**Festgudsteneste** med konfirmantane til stades, og Hareid Kammerkor song. Full kirke der sokneprest Leidulv Grimstad også var konfirmantdeltakar.

**Middag på Ishavsmuseet**

**Hestens dag i Hjørungavåg vart arrangert i ridehallen.**





Foto: Andreas Steinnes Bjerknes, Wikbladet/Vestposten





Stemnekunstnar Bente Mork Blindheim og stemnekunstverket



HOVEDSPONSOR 2016:



SPAREBANKEN MØRE



HAREID KOMMUNE



SPONSORAR 2016:



VI STØTTAR HAREIDSTEMNA:



Ulstein Betongindustri AS  
G.Eilertsen AS  
T.Riise AS  
Advokat Hans Flø  
Conplan AS  
Floriss Hareid (Angelsen)  
Hydropool Norge (Badebutikken)  
Intership AS  
Kleven Verft AS

Libra Plast AS  
MCO Bygg AS/Constructor AS  
Møbelringen Ulsteinvik  
P.F.Waage AS  
Top Fix AS  
Øyvind Yri  
Art Frisør  
Euronics Hareid (Elektrosenteret AS)  
Bunnpris Hareid

COOP Prix Hareid  
Grim & Gryt Økobryggeri AS  
Hareid Skipsservice AS  
Kirkedata  
NCCM  
Point Offshore  
Trådkråa  
Vital Base  
Ward1 As